



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
NVE 201206093-4	26.06.2013	49218/2013/S11	Anders Røynstrand, tlf. 71 25 82 90	06.09.2013

Rauma kommune - bygging av Kavlifoss minikraftverk - Rauma Energi AS - fråsegn ved høyring av konsesjonssøknad

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Automatisk freda kulturminne

Vi viser til tidlegare uttale om at det ikkje er kjent automatisk freda kulturminne i området, og at vi vurderer potensialet for ikkje-kjende kulturminne som lite.

Kulturminne frå nyare tid

Konsesjonssøknaden gjer godt greie for temaet kulturminne og kulturmiljø frå nyare tid. Vi vurderer kulturmiljøet med to generasjonar fisketrapper til å ha regional verdi, og føreset at tiltaka knytt til kraftutbygginga ikkje må skade eller skjemme desse.

Vi vil elles nytte høvet til å gi ei oppmoding til utbyggar og Rauma kommune til å ta vare på nokre av kulturminna knytt til det gamle kraftverket frå 1920, som eit lokalt minne over tidleg kraftproduksjon på staden.

Friluftsliv

Friluftslivet har ein sterk posisjon i Rauma kommune gjennom kommunen sin visjon og målsetjingar, og er ein viktig del av marknadsføringa av kommunen og regionen. Nedslagsfeltet for Isa er svært mykje bruka i friluftslivsamanheng, både lokalt og regionalt. Det må difor leggst vekt på verknader av utbygginga for allmenn ferdsle og friluftslivet sitt arealbehov.

Brukarinteressene knytt til allmenn ferdsle, så vel som jakt og fiske, er gjennomgått i konsekvensvurderinga som følgjer konsesjonssøknaden. Det blir her konkludert med middels negativ konsekvens, m.a. på grunn av redusert opplevingskvalitet ved redusert vassføring på utbyggingsstrekninga. Vi har ikkje spesielle merknader til denne vurderinga, men ber NVE merke seg at av alle tema er det knytt størst negativ konsekvens til nettopp brukarinteressene. NVE bør legge vekt på korleis utbygginga vil påverke opplevinga av vassdraget og Kavlifossen frå utsiktspunktet Kavlifossbrua, for lokale så vel som tilreisande turistar.

Utbygginga påverkar vassdraget langs ein relativt kort strekning, 300 m, og vil etter det vi kan sjå ikkje endre vesentleg på dei fysiske forholda for ferdsle langs elva.

Verdiskaping og næringsutvikling

I *Fylkesplan for Møre og Romsdal 2013-2016* er det m.a. knytt følgjande resultatmål til satsingsområdet verdiskaping:

- "Areal- og naturressursane skal forvaltast på ein måte som gjev grunnlag for næringsutvikling, samtidig som miljø og artsmangfald vert teke vare på."
- "Verdiskaping frå landbruk, fornybar energi og sjømat skal aukast."

Fylkeskommunen har også gjennom Energiregion Møre mål om å sikre forsyning av elektrisk energi gjennom auka lokal produksjon.

Bygging av Kavlifoss minikraftverk kan bidra til å nå desse måla, dersom konsekvensar for miljø og artsmangfald blir vurdert som akseptable. Vi ber NVE legge måla til grunn for si søknadsbehandling.

Konklusjon

Fylkeskommunen viser til merknader over og ber NVE ta omsyn til desse i vidare søknadsbehandling.

Med helsing

Ole Helge Haugen
fylkesplansjef

Anders Røyenstrand
rådgivar

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne/
Kulturminne frå nyare tid: arkeolog/rådgivar Kristoffer Dahle, tlf. 71 25 89 03

Kopi:

Rauma kommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal